

# Referat frå årsmøtet i Vestnes sogelag

Dato/stad: 29. mars 2022 kl. 19.00 på Vestnes bibliotek.

Frammøte: 30 personar.

## Sak 1. Konstituering av årsmøtet

- a) Godkjenning av innkalling og sakliste.
- b) Val av møteleiar. Morten Øveraas vart valt til møteleiar.

## Sak 2. Årsmelding for 2021 frå sogelagsstyret

Årsmeldinga frå styret vart lest opp av Morten Øveraas. Årsmeldinga vart godkjent.

## Sak 3. Årsmelding frå skriftstyret

Årsmeldinga frå skriftstyret vart lest opp av Einar Baltzersen. Årsmeldinga vart godkjent.

## Sak 4. Årsmelding frå fotogruppa

Morten Øveraas informerte om aktiviteten, med tilføyningar frå Olav Hole og Lars Sigmund Kleive. Årsmeldinga vart godkjent.

## Sak 5. Rekneskap 2021

Rekneskapen for 2021 vart lest opp av Morten Øveraas på vegne av ny forretningsfører John Øveraas. Rekneskapen viste eit underskot på kr 13.438,97. Rekneskapen vart godkjent.

## Sak 6. Val

Valnemnda si innstilling til årsmøtet 2022 vart lagt fram av Torhill Sellereite. Årsmøtet godkjente valnemnda si samla innstilling. Desse vart valt:

### Styret:

Styremedlemmar:	Morten Øveraas	attval, for 2 år
	Tordis Sivertsen	ikkje på val
	Tore Tomren	ikkje på val
	Liv Signy G. Hellen	ny for 2 år
	Jørn Inge Frostad	ny for 2 år
Leiar:	Morten Øveraas	attval, for 1 år

### Skriftstyret:

Leiar:	Martinus Løvik	attval, for 1 år (kontaktperson)
Styremedlemmar:	Einar Baltzersen	attval, for 1 år
	Petter Inge Bergheim	attval, for 1 år

### Fotograppa:

Lars Sigmund Kleive	attval, for 1 år
Edmund Melkild	attval, for 1 år
Jostein Bø	attval, for 1 år
Oddbjørn Westnes	ny, for 1 år

### Revisorar:

Jarle Løvik	attval, for 1 år
Helge Bjerkevoll	attval, for 1 år

### Valnemnd:

Odd Jarle Talberg	attval, for 1 år
Torhill Sellereite	attval, for 1 år

## **Sak 7. Fastsetting av kontingent for 2022**

Semje om å halde på kontingentsatsane som blei vedteke på sist årsmøte. Det vil seie 250 kr pr. år. Prisen på årsskriftet vil fortsett vere 300 kr for ikkje-medlemmar, og 250 kr for medlemmar.

## **Kaffipause**

Etter årsmøtesakene og ei kjærkommen kaffipause var det tid for kulturelle innslag. Først serverte «Den lille messingfabrikken» publikum ei rekkje imponerende tolkingar av kjende musikkstykke. Dei fem unge og lokale musikantane fekk stormande jubel, samt antyding til trampeklapp. Deretter hadde Per Bjørn Ellingseter eit framifrå foredrag titulert «Skihistorie, og skihistorier – mest frå Vestnes», som vekte åtgauum hjå ein særst godt nøgd årsmøtelydnad.